



Senterpartiet

Me trur på heile Rogaland





Geir Pollestad

1.kandidat, stortingsrepresentant/jurist

Eg vil framleis vera ein tydeleg stemme for heila Rogaland.

Eg vil kjempa for ein aktiv næringspolitikk for auka verdiskaping og fleire arbeidsplasser. Senterpartiet går mot sal av norske selskap. Eg vil satsa på eit levande landbruk i heile Rogaland.

Eg meiner Rogaland treng ei kraftig satsing på samferdsel og utbygging av mobil og breiband til alle.

Eg skal bidra i Senterpartiet sin kamp for å stoppa sentraliseringa. Sentralisering gjer oss meir byråkrati og det legg til rette for privatisering.

Eg vil gå mot nye tvangssaman-slåingar av kommunar og eg vil at Rogaland skal halde fram som eige fylke.

Eg vil ha ein streng, rettferdig og anstendig innvandringspolitikk. Me må ha kontroll over grensene våre, men me skal sjølvstekt og stille opp for folk som flyktar frå krig.

Eg meiner norske politikarar er for opptekne av å bli likt av EU. Senterpartiet skal kjempa for norske interesser.

Du finn heile vårt program og stortingsliste på www.sp.no/rogaland
Følg oss på facebook • Bli medlem: send kodeord "SP" til 2360



Hanne Marte Vatnaland

2.kandidat, lærar

Eg er veldig motivert for å gjennomføra meir Senterpartipolitikk for Rogaland frå Stortinget.

Eg vil jobba for at norsk skule skal vera den beste i verda. Lærarane må ha tillit og tid til å vera gode lærarar og byggja relasjonar til elevane. Eg vil sloss mot byråkratiseringa og testregimet i skulen.

Eg vil at barnehagen framleis skal vera ein arena for utvikling gjennom leik, og meiner at skulestart ikkje bør framskyndast.

Eg vil jobba for fleire lærlingeplassar, og meiner yrkesfagleg utdanning i Noreg må få høgare status.

Alle skal ha ein jobb å gå til, og for at me skal ha ein sterk velferdsstat må det lønna seg å arbeida. Samstundes vil fleire i løpet av dei mange fasane av livet ha behov for eit sikkerhetsnett i form av gode velferdsordningar.

Eg vil gjera det eg kan for å leggja til rette for frivilligheita i Noreg, som eg meiner er heilt uvurderleg for samfunnet.